

# Helgahelsing

Årgang 62 - Nr. 2  
JUNI 2016

Odda

Tyssedal

Røldal

Skare



**Odda og Tyssedal sokn***Kyrjekontoret i Odda*

Almerket 17

Postadresse:

Postboks 397, 5751 Odda tlf. 53 65 09 00

E-post: [post@oddakirken.no](mailto:post@oddakirken.no) fax 53 65 09 01Nettadresse: [www.oddakirken.no](http://www.oddakirken.no)

Kontortid: tysdag til fredag 09.00 – 14.00

Sekretær Angunn Handegard Trå

**Direkte telefonnr.**

Sokneprest Margrethe Ølberg tlf. 53 65 09 05

e-post: [soknepresten@oddakirken.no](mailto:soknepresten@oddakirken.no)

Diakon Annlaug H. Engmark tlf. 53 65 09 06

e-post: [diakonen@oddakirken.no](mailto:diakonen@oddakirken.no)

Trusopplærer Jannike S. Stave tlf. 53 65 09 04

e-post: [pedagogen@oddakirken.no](mailto:pedagogen@oddakirken.no)

Kyrkjeverje Greta Nordlund tlf. 53 65 09 07

mob. 481 03 285

e-post: [kirkevergen@oddakirken.no](mailto:kirkevergen@oddakirken.no)

Kantor Paweł Cabała tlf. 53 65 09 09

e-post: [kantoren@oddakirken.no](mailto:kantoren@oddakirken.no)

Organist Krzysztof (Kris) Ulita tlf. 53 65 09 10

e-post: [organisten@oddakirken.no](mailto:organisten@oddakirken.no)*Kyrkjetenarar*

Olav Andor Lono mob. 416 64 018

Jannike S. Stave mob. 950 06 055

Anne Marie Reistad mob. 917 79 772

**Røldal og Skare sokn***Kyrjekontoret i Røldal*

Seimsv. 5, 5760 Røldal tlf. 53 64 71 40

fax 53 64 18 52

E-post: [soknepresten.iros@oddakirken.no](mailto:soknepresten.iros@oddakirken.no)

Sokneprest Arne Sveinung Nataas

**Odda sokneråd**

Leiar Åse Kaland mob. 992 75 147

**Røldal sokneråd**

Leiar Liv Karin Larsson mob. 476 18 491

**Skare sokneråd**

Leiar Steinar Tokheim tlf. 53 64 52 70

**Tyssedal menighetsråd**

Leder Airin Nesse mob. 924 83 405

**Odda kyrkjelege fellestråd**

Leiar May Søfteland mob. 924 07 604

**HELGAHELSING***Redaksjon:*

Gunvor Stana Seljestad

Paweł Cabała - utføring

E-postadresse: [helgahelsing@gmail.com](mailto:helgahelsing@gmail.com)**Send oss gjerne tekstar, bileter, mm.**

Kontonr. til Helgahelsing: 3201.52.70089

Side 1: 17. mai feiring i Odda kyrkje, foto: Paweł Cabała

Side 16: 3D datamaskingrafikk: Paweł Cabała

**D**

er eg vaks opp hadde vi i mange år ei oppkomkjelde, kvar morgon var den fyllt opp av blankt, friskt vatn som berre kom naturleg frå ei åre langt nede i grunnen, den vart ikkje tom! Men, då det offentlege vassverket for bygda kom, fann vi ut at denne kjelda må vi fylla med stein, så ingen kjem til skade. Men, forunderleg nok, vatnet lot seg ikkje stanse! Det rann - og renn framleis, gjennom jord og stein kjem vatnet framleis til overflata rett ved sida av staden der det eingong var ei kjelde.

Andre pinsedag minner oss om tørsten, den vi kan ha inni oss, men som kanskje ikkje alltid er så lett å setje ord på. I Gt teksten klagar folket til Moses under ørkenvandringa, dei er tørste og har ikkje vatn! Vatnet og mannaen i ørkenen var viktige påminningar om kven som var Gud for dei. Gud er kjelda for alt godt. (2.Mos.17,1-7) Men, kor lett det var å gløyme at dei alltid kunne rekna med Gud!

"Den som tørstar, skal koma til meg og drikk. Den som trur på meg, frå hans indre skal det, som Skrifta seier, renna elvar med levande vatn..." Dette sa han om Anden dei skulle få, dei som trudde på han. Joh. 7,37-39

Pinsedagen var dei alle samla. Dei såg og høyrde. Dei fekk oppleve, bli berørt av Anden kvar einaste ein, så ulike dei var, frå mange ulike land, fekk dei alle ei vissa og ny forståing av sanninga, det dei hadde høyrte. Ja, eld frå himmelen fall over dei! For Jesus hadde jo lova at dei skulle ikkje verta åleine, han skulle koma til dei. Det sa han då han førebudde dei på at han skulle døyg og stå opp att. (Joh.14,26f) Faderen sende Sonen for å frelsa menneskeslekta, Faderen sende Anden for å minna oss om alt Jesus hadde sagt, ja vera Guds nærvær på jorda.

Kva treng eg å høyra i dag? Trøyst? Erkjenning? Tilgjeving og ny nåde? Fred, fråvær av uro? Anden kjenner oss og veit om tørsten, kva vi treng mest av alt, kva du treng i dag. Anden talar om Jesus og frå Jesus. Jesus kjem til oss, når Anden "forklarar" og bibelordet får liv for oss. Fellesskap med Gud og Sonen skjer ved Anden. Kven vi er, kor vi bur på jorda - Anden deler sine gåver til heile jorda rekk dei. Lat oss ta imot og dele den gode bodskapen og røyne det Jesus sa: Eg kjem til dykk. På pinsedagen lova dei og tilbad Gud! På alle tungemål lydte lovsongen til Den Høgste.

Anden er overalt og let seg ikkje stoppa! Eg får tilhøyre, tilbe og tena ein treeinig Gud. "Den som trur på meg, frå hans indre skal det som skrifta seier, renna elvar med levande vatn" (Joh 7, 38) "Med glede skal de ausa vatn or kjeldene til frelse" seier profeten Jesaja i kap 2,3

*Karen Marie Hovland*

*Takk for desse månadene i Odda, eg er blitt godt motteken!  
Takk for alle eg har hatt med å gjera i ulike samanhengar.  
Og, ikkje minst: Takk til staben på soknehuset!*

# Fest og flagg og feiring



Av Paul Odland, preiketekst: Johannes 14, 15-21

«Elskar de meg, så held de boda mine. Då vil eg be Far, og han skal gje dykk ein annan talsmann, og han skal vera hos dykk alltid: Sanningsanden, som verda ikkje kan ta imot. For verda ser han ikkje og kjenner han ikkje. Men de kjenner han, for han bur hos dykk og skal vera i dykk. Eg vil ikkje la dykk vera att som foreldreause born. Eg kjem til dykk. Om ei lita stund ser ikkje verda meg lenger. Men de ser meg, for eg lever, og de skal leva. Den dagen skal de skjønna at eg er i Far min, og at de er i meg og eg i dykk.

Den som har boda mine, og som held dei, den er det som elskar meg. Og den som elskar meg, skal Far min elska. Ja, den som elskar meg, skal eg òg elska og openberra meg for.»



Dei kjem tett etter kvarandre, alle festdagane i mai, med flagget til topps. Fridomsdagen 8. mai, nasjonaldagen 17. mai, og no også kvitsunnhelga. Det er femti dagar sidan påskehøgtida, då Jesus leid og døydde og stod opp or grava - for vår skuld. No ligg denne femti dagar lange oppstodetida bak oss, der vi på ein særleg måte har vore opptekne av at Jesus lever. Også himmelfarten ligg bak. Men kva skjer no? Korleis skulle redde og forskremte læresveinar klara seg framover? Og kva med oss i dag?

Jula varer heilt til påske, seier vi ofte. Men det er like sant at påska varer heilt til kvitsunn! På ein flott måte knyter teksten påske og kvitsunn saman. For teksten frå Johannesevangeliet er nemleg ein liten del av den lange talen Jesus heldt til sine, rett før han skulle lida og døy. Han forstod at læresveinane ville verta redde, både då Jesus skulle lida og døy, og seinare når han skulle fara

opp til himmelen.

Jesus lovar oss Den Heilage Ande; talsmannen, ein advokat. Han skal vera hjå oss og hjelpa oss - alltid! Og ikkje berre det, men Far sjølv i himmelen vil elska oss og sør-gja for oss. Vi treng ikkje vera som foreldreause born! Difor kan vi også seia at kvitsunnhelga varer heilt til jul! Men dermed har vi med oss heile året; alle dagar, alle slags dagar, under Guds omsorg.

Og kvitsunn dagen skjedde det som Jesus lova. Den Heilage Ande kom. Ingen som var til stades i Jerusalem, kunne unngå å sjå at noko ekstraordinært skjedde. Tre tusen lét seg overtida av forkynninga og lét seg døypa.

Jau, i sanning er kvitsunnhelga ei festhelg og ei misjons-helg, med god grunn til å heisa flagget til topps.

# Skare kapellkyrkje

I tida før kapellkyrkja i Skare vart bygd, hende det at det vart halde gudstenester i skulen eller i Gamlestova, men det var ikkje ofte. Elles måtte folk reise til Odda, om dei ville oververa ei gudsteneste. Det var vel ofte veret som avgjorde om dei reiste eller ikkje. Men skulle dei ha barnedåp, konfirmasjon, brurevigsle eller gravferd, laut dei reise same kva ver det var. Det kunne ofte vera strevsamt, særleg på vinteren. Folk frå dalane tok gjerne inn til kjenningar eller slektingar i Odda, eller dei hadde sine egne stover, der dei kunne byta klede og til og med overnatta, som Skarestova eller Løyningstova.

Somme var det vel også som kledde seg til kyrkjeferd heime. Det er fortalt om ei kone frå Seljestad at ho kledde seg dagen før og la seg fullt påkledd i senga, slik at ho var klart til å reisa om morgonen.

Konfirmantførebuinga gjekk føre seg på bedehuset i Odda. Dei som skulle konfirmerast, gjekk til og frå eller sykla om dei var så heldige å ha eller fekk låna ein sykkel. Rannveig Jøsendal har fortalt meg at ein av dei som skulle konfirmerast, tok med seg ei av jentene på bagasjebrettet eit godt stykke oppover då dei skulle heimatt. Så reiste han nedatt og henta ei anna jente som han tok med seg same vegen.

Ein gong hadde Per Tveit stogga med sykkelen sin nedanfor Røvhaug. Han hadde sett eine foten sin på ein stabbestein, medan han venta på kameratane som kom etter. Då dei kom, og han sparka ifrå for å fygge dei, glapp foten på stabbesteinen, og han for rett i Sandvinsvatnet. Det var ingen fare for vatnet var grundt akkurat det, men våt vart han sjølvsagt.

Ved ei gravferd skulle Tormod Seljestad ein gong køyre kista til Odda på ein slede. Nils Fureberg hadde også ein hest og var med i fylgjet. Då dei kom til Sandvinsvatnet, kørde dei isen til Vasstun. Hesten til Nils var ung og sprek og vanskeleg til å halde att og tok ut då dei kom ut på isen. Tormod trudde Nils ville syne kor god hesten var og ville ikkje vera kleinare han. Så vart det til at desse to kappkørde over isen, Nils føre og Tormod etter med liket på sleden.

Ved ei anna gravferd frå Reinsnos skal veret ha vore så kleint at fylgjet ikkje makta å ta seg fram med kista, som dei måtte setja frå seg under ein heller, og så gjera vendereis. Gravferda måtte utsetjast til ein annan dag.

Anna Tveit har fortalt meg korleis ei gravferd gjekk føre seg då ho var ung. Dei samlast tidleg til frukost i heimen der den avlidne var ifrå. Så drog dei til Odda med hest og slede eller vogn og stolkerje. Dei hadde

med mat til heile gravferdsfylgjet. Då dei var ferdige på kyrkjebakken, samlast dei i bedehuset, der dei fekk mat og kaffi. Så for dei heimatt, og på Tveit venta det dei middag, fisk og sup og kaffi og kaker.

Ikkje rart at folk tok til å snakke om at ein burde ta opp arbeidet med å få reist ei kapellkyrkje i Skare. Så lenge Odda var ein del av Ullensvang herad og låg under Ullensvang prestegjeld, såg ein det vel slik at det var uråd å få dette til. Etter at kraftutbygginga og industrireisinga tok til såg ein at det gjekk mot utskiljing av Odda til eigen kommune og eige prestegjeld, og sjansane vart større. Læraren i bygda, Ola Haara, var føregangsmann. Eit allmannamøte om saka vart halde i 1912. Det vart samrøystes vedteke å ta opp arbeidet med å få reist ei kapellkyrkje i Skare. Ei nemd vart sett ned som skulle ta seg av planarbeidet og finansieringss spørsmålet, og Ola Haara vart den sjølvskrivne formannen. Dei andre var: Lars O. Laate, varaformann, Ola H. Espeland, kasserar, Asbjørn Skare og Samson Løyning.

Kinsarvik Sparebank var fyrst ute med å yta noko til føremålet, men Ullensvang heradstyre tykte, som venta, at det var naturleg å ta opp spørsmålet når Odda vart eige herad og eige prestegjeld. Det skjedde i 1913 og 1915, og no kom det meir fart i arbeidet.

Fyrst laut ein finna ein plass til kapellet og kyrkjegarden. Odda kjøpte stykket av Helge Skare for 950 kr og løyvde 500 kr til å få utarbeidd teikningar. Eit par - tre vart forkasta, og det vart vedteke å be professor og domkyrkjearkitekt Nordhagen om å teikne bygget. Det vart gjort, og teikningane hans vart godkjende utan merknader. Det var i 1917.

Ola Haara døydde i 1919 og fekk korkje vera med å ta den nye skulen i bruk eller vera med på vigslinga av kapellkyrkja. Varamannen gjekk og så bort, og Jakob Laate vart ny formann og Johannes H. Jøsendal varaformann.

Thor S. Bruu i USA ytte 2500 kr til kyrkja, og Odda herad løyvde 9000 kr. Det vart lagt ut lister i krinsen som folk kunne teikna seg på med ei pengegåve. Elles var det høve for folk å levera tømmer eller vera med på dugnadsarbeid. Då det ikkje ville verte meir pengar å hale frå heradet, måtte bygdefolket greie resten sjølve. Då sytten menn garanterte for eit lån på 7000 kr, var finansieringa i orden. Ein kunne då vende seg til byggmester Erik Kvammen i Valestrand med spørsmål om han kunne ta på seg arbeidet med å få kyrkja reist. Det svara han positivt på og kom hit i 1925 saman med fire andre bygningsmenn, og frampå hausten var kapellet ferdig utvendig. Hallstein Skare tok på seg å arbeida inventaret og frisene på ytterveggane.

Det vanta ikkje på gåver til kapellet. Lars O. Bustetun gav altertavla som er måla av Noritz Kaland frå Bergen, medan treskjerararbeidet er gjort av Johannes Kinsarvik. Kaland fekk i oppdrag å avgjera kva slag fargar ein skulle bruka innvendig. Utvendig var bygget tjørebreidt. Den største kyrkjeklokka er ei gåve frå O. J. Prestegård USA, den andre frå Odda herad. Prestegård kosta også døypefonten. Knut Svåsand gav 2000 kr til ljosestakar, og ljosekruna er ei gåve frå Karl Otteren.

To personar vart gravlagde på kyrkjegarden i 1925: Herborg S. Løyning og Torbjørg Skare. Ein lut av kyrkjegarden var vigsla før kapellet stod ferdig. Vegen opp til kapellet og resten av gravplassen vart gjort ferdig sommaren 1926. Same året vart Trond Heng innvald i kyrkjenemda i staden for Ola H. Espeland som sa frå seg attval.

Kyrkjevigsla vart fastsett til 5. oktober 1926. Det vart ein stor dag for bygda, kanskje den største til dag dato. I kapellet var det berre sitjeplassar til 200 menneske, men Olav Kolltveit fortel at om lag 500 var tilstades. Det var biskop Hognestad som vigsla kyrkja med assistanse av prost Anker og prestane Sortland, Asbjørn Olavson, Farnes, Strømme, Mannsåker, Eliassen og Nygård. Gravplassen vart også vigsla. Odda Misjonskor song, og etterpå var det festsamkome i skulehuset. Brita Skare fortalde at ingen av jentene som bar fram maten, torde å servera biskopen, men at Sigrid Espeland til sist tok mot til seg og gjorde det. Det er karakteristisk for tida at det stod langt større age av slike personar då enn tilfellet er i dag.

Det fyrste barnet som vart døypt i Skare kapellkyrkje var: Leif Bratteteig. Dei fyrste konfirmantane var: Anna K. Jøsendal, Jakob Løyning, Jakob Jøsendal, Ingvald J. Jøsendal, Helge Berge, Kristi Bay, Jakob Seljestad, Olina Tveit og Tomas Berge. Dei fyrste som vart ektevigde i kyrkja var: Halldor og Synneva Espeland.


Seinare er det vorte sett inn antikkglas i kapellet etter teikningar av Torgeir Alsaker og O. Rognaldsen. Det gamle orgelet i Odda kyrkje vart teke i bruk i Skare og vart brukt til det ikkje dugde lenger. Eit nytt orgel vart innstallert i 1946. Orgelfronten er teikna av Torgeir Alsaker. I 1967 vart det lagt inn vatn i barnesakrestiet. I 1968 fekk kyrkja elektrisk oppverming i tillegg til dei vedomnane dei hadde frå før. På same tid vart det installert induktivt høyreanlegg for tunghørde. Det vart lite brukt, og ein har seinare i tillegg fått høgtalaranlegg.

I seinare tid har det vore lekkasje i tømmerveggane. Dei vart dytte med stry og innsette med tjøre på nytt, slik at dei no ser ut til å vera tette. For å verne blyssprossene i glasa er det sett store ruter av vanleg glas utanpå kvart vindaugsfakk.

Skare kapellkyrkje er ei vakker rundtømmer-kyrkje som det sikkert ikkje finst så mange av i landet vårt, og som det er vel verdt å ta vare på.

**Johannes Borge**

**Kjelder:** Odda kyrkje 100 år (Olav Kolltveit), Skare kyrkje, Jubileumshfte 1976 (Andreas Brekke), Anna Tveit, Rannveig Jøsendal og Hallstein O. Espeland



Fotograf Nils Løyning fotograferte og gav ut mange postkort i 1960-åra. Takk til NVIM for utlånt foto.



# Konfirmasjon 2016



Odda kyrkje  
23. april

1. rekke frå venstre:

**Runar Næss Rilise, Sander Nilssen Opedal, Ingrid Herstad Sandvin, Heine Sveinsgjerd, Erlend Lia, Trym Lauri Seim Brekke,**

**2. rekke frå venstre: Sokneprest Margrethe Ølberg, Adne Ingeson Aase, Karine Herstad Sandvin, Silje Seljestad Øvsthus,**

**Daniel Furrebø Brattebø, Ingrid Larsen, Sara Trones Jåstad, Helena Haukaas, Noah Mikkelsen, Frida Akse Faugstad, Simen Knutsen Vallestad, Silje Kindem Fedje, Sondre Flaten Sandvin, Anna Langås Jøsendal, Joakim Kollveit Børve, diakon Annelaug H.Engmark,**

**3. rekke frå venstre: Trym Eitheim Rasmussen, Sigurd Aga Hagen, Endre Opedal Torsnes.**

Foto: Gunn G. Elton



Foto: Gunn G. Elton

1. rekke frå venstre:

*Iselin Starefoss Stave, Veline Storhaug Fjæra, Sigrid Buer Jacobsen, Julia Naasen Riise, Kathrine Solheim Lagestrand*

2. rekke frå venstre: *Sokneprest Margrethe Ølberg, Espen Lunde Tveit, Kristoffer Hansen Hagen,*

*Sebastian Nysæter Clausen, Sindre Lillestraum, Erlend Schweitzer Sjurstræ, Lukas Hanevik Brochsgaard, Marius Lunde Tveit, Magnus Ebne Vivelid, Elena Lutro Berntsen, Sondre Helgesen.*



Tyssedal kirke  
24. april

Fra venstre:

*Vikarprest*

*Karen Marie Hovland,  
Svein Prestegård Skjeldås,  
Martin Knudsen Bakke,  
Sol Marlene Langva Isberg,  
Sindre Seim Tyssedalstveit,  
Rikke Rødli Halland*

*Diakon*

*Annlaug Halvorsen Engmark*

Foto: Reidun Thorsen




Odda kyrkje  
8. mai



Fra venstre:  
Isabella Andersen,  
Andreas Vikane,  
Joachim Smedegård,  
Mai-Berit Håvik,  
Elind Sletvik Björkman,  
Sokneprest  
Margrethe Ølberg


Foto: Paweł Cabala



Skare kyrkje  
8. mai

1. rekke frå venstre:  
Renate Nordbustad  
Hauge,  
Joanna Løyning,  
2. rekke frå venstre:  
Johan Krohn Runnane,  
Christian André Solvi  
Rasmussen,  
Hermann Angell.  
3. rekke frå venstre:  
Tord Nordbustad  
Hauge,  
Sokneprest  
Arne S. Nataas,  
Magnus Børve.

Foto: Nils Olav Runnane





Frå venstre:  
Sokneprest Arne S. Nataas,  
Robin Tveit,  
Maria Steinsland Medhus,  
Eirik Hamre Sandal.



## Diakonens hjørne

Annlaug H. Engmark



### «VÅR FANTASTISKE VAKRE NATUR»

Kvar morgon køyre eg rett inn i eit maleri. Utsikta eg har frå bilen når eg køyre inn mot Odda frå Lofthus kan berre opplevast. Kvar dag heile året er dette synet ulikt. Særleg om våren er det særskilt vakkert! Nesten vanskeleg å beskriva. Frå den kvite flotte Folgefonna, bekkar og elvar ned den mektige fjellsida til fruktrærne som blømer, først spede kvite villplommeblom, så den vakre morellblomen og til slutt det rosa nydelege skjæret når epleblomen tek til å spretta ut. I tillegg har eg sett utallege grønfargar når lauvet sprett. Men kva er våren utan løvetann? Ugraset vårt som me strevar med å verta kvitt. Løvetannen sprengjar seg fram, tek overhand og dekker bakken. Men du verden for ei solstråle i solskinet! Ein vert reint glad når ein ser den sterke gule fargen på blomen.

Naturen vår er ei fantastisk inspirasjonskjelda synast eg. Ikkje berre til å nytta, men og til å nytta. I eldre tider var det meir allmennkunnskap å kjenne til nyttevokster rundt oss. Kor mange av oss nyttar

skvalderkål, løvetann eller brennnesla i maten vår? I år har eg grønsakshage, ikkje så stor, men reddikkar og poteter er alt byrja å spira. Det er liksom lettare å hausta inn det ein har sådd sjølv. Kor heldige me er som har alt dette vakre rundt oss. Kvar vår vert eg fylt av takksemnd over å få ta del i dette vakre som blømer og set farge på naturen. Me treng noko vakkert å sjå på. Om ikkje me har den store hagen, er ein blom i vindauga fin å sjå på.

Til alle tider har det vakre vore omtalt. Les ein i Bibelen vil ein ofte høyre om hagar, frukttrær, bær, grønsaker og blomar. Menneska har alltid vore opp-teken av å forvalte naturen til nytte for folk og dyr. Det er eit stort forvaltaransvar å ivareta naturen vår på ein slik måte at ikkje forureining når den. Me som menneske er ein del av næringskjeda, og vert eit ledd i kjeda forgifta, får me som menneske det og. Difor er det godt at i dag engasjerer mange seg i spørsmålet om å bevare miljøet vårt og ha fokus på berekraftig utvikling for jorda vår.

# PÅSKEVERKSTAD I RØLDAL



Som ein del av trusopplæringa vår, vart det 19. mars arrangert påskeverkstad i Kyrkjestova, og 13 born deltok.

Det var så hyggeleg å vera saman om hobbyaktivitetar og påskevandring! Vi var innom alle dagane i påsken og alt som skjedde med Jesus. Vi hadde fyrst påskesangar: «På Golgata sto det ein kross» og «Dine hender er fulle av blomster». Deretter starta påskevandringa. Organisten vår, Kris, var med til Røldal for å spela saman med oss.

Etter vandringa hadde vi hobbyaktivitet og laga mellom anna Jesus Kristus sin tomme kross med ei fin påskelilje på. Golgata kross var tom! Jesus stod opp og Han lever! Vi laga òg egg og kyllingar som er

symbol på nytt liv. Dette likte borna godt, og vi hang opp fine egg på bunta bjørk.

Etter hobbyaktiviteten var det mat! Det var flott at mange frivillige frå soknerådet var med og hjalp til på påskeverkstaden. Dei bidro med mykje forskjellig på arrangementet og hadde med god kake og bollar. Vi koste oss med maten, og under måltidet vart det utlodding av påskekorger. Lodda var gratis, og alle vant! Borna fekk med seg alle tinga sine heim i småposar.

Tusen takk for eit fint arrangement!

*Jannike Starefoss Stave* –  
trusopplærar



**STØRST AV ALT**



# PiNSE

# verkstad i Skare

5 born deltok da vi 12. mai arrangerte pinseverkstad i grendahuset i Skare som ein del av trusopplæringa vår. Det var kjekt å vera saman! Vi lærte om kva slags høgtid pinsen er, og borna lærte meir om Gud Fader, Jesus Kristus og Den heilage ande.

Da borna kom, hadde vi fyrst samling ute på skuleplassen. Deretter hadde vi hobbyaktivitetar. Vi laga mange fine pinsegåver som vi fikk med oss heim.

Pinse vert av nokon kalla for kyrkja sin fødselsdag, så valget fall på fødselsdagsmeny til små og store. Det var ein meny som fall i god smak: Pølser i brød, gelè, vaniljesaus og bollar!

Frivillige frå soknerådet var med og hjalp godt til. Tusen takk for den fine pinseverkstaden!


*Jannike Starefoss Stave*  
trusopplærer

## SKARE KYRKJE 90 ÅR

Kyrkjekaffi på Grendahuset  
2. oktober



## Årsrekneskap Helgahelsing 2015



Bladpengar/gåver	59 835	Trykkerikostnader	132 720
Offer	1 685	Distribusjon (Posten)	26 767
Annonseinntekter	42 000	Abonnement Kristelig Pressekontor	1 500
Tilskot frå fellesrådet	26 767	Bilgodtgjering (redaksjonen)	787
Tilskot frå sokneråd	15 000	Bet. mva	6 692
Renteinntekter	2 828	<b>Sum utgifter</b>	<b>168 466</b>
Ref. mva	6 692		
<b>Sum inntekter</b>	<b>154 807</b>	<b>Underskot</b>	<b>13 659</b>



# Pilegrimsstemnet i Røldal, 1. - 3. juli



Kristiansand Frikirkes kammerkor

Til pilegrimsstemnet i år har Anne Kristin Aasmundtveit (tekst) og Jon Kleveland (melodi) skrive ei eiga messe til Røldal - Alle mine vegar. Denne vert halden laurdag 2. juli som framhald av kveldsvandringa vår frå Bruhølen.

Anne Kristin Aasmundtveit var også med oss for to år sidan og heldt då pilegrimsseminaret. Til dagleg er ho tilsett hjå Det Norske Bibelselskap som rådgjevar og bibelforteljar.

Jon Kleveland er organist i Frikyrkja i Kristiansand og var den som tok kontakt med presten i Røldal med førespurnad om framføring. Klart vi sa ja! Songane i messa med fleire er utgjeven på eigen CD.

Det vert høve til å kjøpa den under pilegrimsstemnet.

Til tonefølgje vil vi få støtte av Runar Nørsett, Per Egil Olsen, Jon Kleveland og Kristiansand Frikirkes kammerkor med dirigent Bodil Kvernenes Nørsett.

NRK- radio vil gjera opptak av messa som blir sendt i P1 søndag 24. juli gudstenestetid (kl. 11.00).

Vi må førebu oss godt til opptaket, så det tradisjonelle pilegrimsseminaret laurdag må i år vika for øving.

Vel møtt til gode dagar i Røldal!

Tema: *Pilegrimsmotivet i songskatten*

Salme- og songskatten vår er like rikholdig og mangfaldig som livet. Denne kvelden vil vi ta

dykk med på ei musikalsk vandring gjennom utvalde tekstar og tonar, og dei har alle det til felles at dei ber pilegrimsmotivet i seg. Dei vert framført av stemmer, tangentar og bratsj. Det musikalske landskapet vekslar, og melodiane er henta frå folketonar frå ulike land. Tekstane vil heile tida krinse rundt pilegrimsmotivet.

## Pilegrimskonserten



**Runar Nørsett** er oppvaksten i Lyngdal i Vest-Agder. Til dagleg er han fastlege på Randesund Legesenter i Kristiansand, samstundes som han er frilansar som pianist. Runar vert nytta som studiomusikar, og gav ut plata Solglør I 2004, med eigne komposisjonar og gamle salmar. Har blitt brukt som pianist i Kristiansand Symfoniorkester og i gospelkoret Norwegian Gospel Singers. Tidlegare har han samarbeidd med Simon Flem Devold og Mariann Aas Hansen, Svein Tindberg, Torstein Sødal, Solveig Leithaug, og jazzbandet Whisper Not. For tida er han pia-

nist i LEO (Love Exit Orchestra), eit jazzband heimehøyrande i Kristiansand.

**Bodil Kvernenes Nørsett** er gift med Runar Nørsett. Ho kjem frå Fitjar og er utdanna musikkvitar, songar og dirigent frå Universitetet i Oslo og Tromsø. I tillegg er ho Authorized Complete Vocal Teacher frå København. Til dagleg er ho songpedagog og høgskolelektor på Ansgar Teologiske Høgskole i Kristiansand. Ho dirigerer tre kor i byen, syng i Kristiansand Solistensemble og vert nytta som songar og solist i både klassisk- og jazz-samanhengar.



**Kjell Åge Stoveland** kjem frå Mandal, er utdanna musikal frå Musikkhøgskolen i Oslo og spelar til dagleg bratsj i Kristiansand Symfoniorkester. Han har brei erfaring som kammarmusikar og er medlem av Kristiansand Strykekvartett. I tillegg er han mykje brukt som studiomusikar og medverkar mellom anna på platene og i bandet til Kristina Jølstad Moi.

Varmhjarta, tilgjeving,  
kjærleik - kjærneord i livet.

Vakre ord - på nynorsk!  
Kjøp den nye bibelen  
på nynorsk!

**Odda Mållag**



INGENIØR- OG ENTREPRENØRFORRETNING



tlf. 53 64 80 80  
post@hoyer-odda.no

**EURO SKO**  
RAGNAR KARLSEN

tlf. 53 64 10 12

**Einar Reisæter AS**

elekt. forretn. install.  
Eitrheimsv 1, 5750 Odda  
tlf. 53 64 13 33

**TERJE**

**STORHAUG**

barne-unodoms-og herreføer

tlf. 53 64 16 44

**Steinar Tokheim**

Byggn.tekn.kons.  
Skare

stokheim@online.no  
mob. 958 71 277



**ODDA MEKANISKE VERKSTED AS**

Postboks 144, 5751 Odda  
post@omv.as tlf. 53 64 00 40

VD ENGINEERING AS  
Postboks 392, 5751 Odda



**COOP**  
marked

Røldal - tlf. 53 64 71 26

RF

**Radio Folgefonn**

Hardanger & Voss

www.radiofolgefonn.no



**ODDA**  
KOMMUNE

Tenestetorget tlf. 53 65 40 00.  
www.oddakommune.no

Røldal   
Bygdeteneste

5760 Røldal, tlf. 941 52 656  
Grunnarbeid - Snørydding - Hagearbeid  
Stillasutleige - Vedsal



Sparebanken  
Vest

**EIN STABIL OG TRYGG BANK**

AVD. ODDA – 53 64 95 00

**HARDANGER**  
BILSKADESERVICE

OPPRETTING – LAKKERING – SERVICE

Odda, tlf. 53 64 40 22



**Tømring - Forskaling**  
Rehabilitering - piper - fliser

**SVEIN**  
**MYRHEIM**

5760 Røldal  
tlf. 53 64 73 13 / 90 80 14 01

**Odda Rutebuss AS**

Tyssedalsvn. 8 - 5750  
Odda



tlf. 53 64 18 65  
fax 53 64 23 91

**FARGERIKE**

Torkelsen

tlf. 53 64 24 80  
torkelsen@fargerike.no

**SpareBank**

SR-BANK



tlf. 02002

**Meursburger**  
malermester as

tlf. 53 64 32 09 / 959 28 787



**Odda Energi**

Sentralbord: 53 65 05 00

www.oddaenergi.no

**Odda begravelsesbyrå**  
& Digraanes blomster

Døgnvakt byrå, tlf. 90 67 99 99

53 64 20 00

Blomsterbutikken, tlf. 53 64 21 50

fax 53 64 23 81

www.digraanes.no


Ønsker du å ha annonse  
i Helgahelsing?

Ta kontakt med kirkekontoret!

**Liker du å syng? Lyst til å bli forsanger?**

Vi trenger forsangere ved gudstjenestene i Odda kyrkje. Du kan være med i ei gruppe og syng ca. en søndag i måneden, eller du kan bare møte opp i kirka en time før gudstjenesten begynner.

Ta kontakt med Pawel Cabala (53650909 / 53643262) hvis du har spørsmål.



# Pilegrimsstemnet i Røldal

1.- 3. juli 2016

## PROGRAM


### Fredag 1. juli

- kl 14.00-17.00: Liturgisk mottak i kyrkja av pilegrimar.  
Dette er opne samlingar også for dei som ikkje har vandra.
- kl 19.00: Pilegrimskonsert i kyrkja  
*Pilegrimsmotivet i songskatten.*  
Bodil Kvernenes Nørsett - song,  
Kjell Åge Stoveland - bratsj,  
Runar Nørsett - tangent.  
Bill kr 100.-
- kl 21.00: Ope pilegrimssamling på Grendahuset.  
Kaffi og lappar.



### Laurdag 2. juli

- kl 08.00: Laudes (liturgisk morgonsamling) i kyrkja.
- kl 08.30-09.45: Felles frukost på Grendahuset. kr 50.-
- kl 10.00: Vi førebur oss til den NRK-radiooverførte pilegrimsmessa.
- kl 12.00: Bygdevandring v/ Oddbjørn Lynghammar.  
Frammøte ved kyrkja.
- kl 13.30: Felles middag på Grendahuset. Kr 80.-
- kl 15.00-17.00: Teknisk gjennomgang av pilegrimsmessa med NRK-personell. Lydprøvar.
- kl 17.00-18.00: Den stille timen (i kyrkja)
- kl 18.00-18.45: Felles kveldsmat på Grendahuset. Kr 50.-
- kl 19.00-19.40: Transport til Bruhølen. Frammøte ved kyrkja.
- kl 20.00: Krossvandring frå Bruhølen til kyrkja.
- kl 23.00: Pilegrimsmesse m/ nattverd. «Alle mine vegar» - ei nyskriven messe av Anne Kristin Aasmundtveit og Jon Kleveland.  
Preike v/ prost Sigrid Sigmundstad. Liturg sp. Arne S. Nataas.



### Sundag 3. juli

- kl 08.00: Laudes (liturgisk morgonsamling) i kyrkja.
- kl 08.45-10.30: Felles frukost på Grendahuset. Kr. 50.-  
Avreise.



## Her - og - nå

En mann som hadde lang erfaring med her-og-nå-trening ble spurt om hvordan han kunne være så avspent og rolig midt oppe i det daglige press.

Han svarte:

«Når jeg står, så står jeg,  
når jeg går, så går jeg,  
når jeg sitter, så sitter jeg,  
når jeg spiser, så spiser jeg,  
når jeg taler, så taler jeg.»

De som hadde spurt ham sa:

«Det gjør jo vi også.

Du gjør vel noe mer?»

Men han svarte:

«Når jeg står, så står jeg,  
når jeg går, så går jeg,  
når jeg sitter, så sitter jeg,  
når jeg spiser, så spiser jeg,  
når jeg taler, så taler jeg.»

«Men det gjør da vi også!»

Men han sa til dem:

«Nei! For når dere sitter, står dere allerede,  
når dere står, løper dere allerede,  
når dere løper, er dere allerede fremme,  
og når dere spiser,  
er dere allerede ferdige.»

Ukjent



## Døypete

Jesus seier: Sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står. *Matt.28,20*

### Odda kyrkje

06.03.16 *Celina Dagestad-Leirstein*  
13.03.16 *Jacob Johan Salte Isachsen*  
27.03.16 *Emine Kvile*  
03.04.16 *Elind Sletvik Björkman*  
*Sebastian Borge Hammer*  
15.05.16 *Sanna Hauge Solberg*  
*Anne-Sofie Djonne Albinsson*  
*Magnus Graue Handeland*

### Røldal kyrkje

27.02.16 *Nils Matteo Greco Botnen*  
28.02.16 *Gunvor Nilsen Seim*

### Tyssedal kirke

24.03.16 *Awa Zandra van Bree*

## Avlidne

Herre, lær oss å telja våre dagar,  
så vi kan få visdom i hjarta. *Salme 90,12*

### Odda

<i>Charlene Patey</i>	f. 1959
<i>Mary Lydia Dagestad</i>	f. 1921
<i>Else-Marie Schnell-Iversen</i>	f. 1926
<i>Eva Helene Høysæter</i>	f. 1943
<i>Randi Hansen</i>	f. 1944
<i>Arne A. Eriksen</i>	f. 1930
<i>Ingunn Kristin Halland</i>	f. 1947
<i>Knut Vethe</i>	f. 1924
<i>Olav T. Hamre</i>	f. 1918
<i>Harald T. Fykse</i>	f. 1927
<i>Hans Børve</i>	f. 1944
<i>Niklos G. Besteland</i>	f. 1948
<i>Agnes Abelsen</i>	f. 1923
<i>Ingebjørg Eikemo</i>	f. 1922
<i>Gunnvor Fykse</i>	f. 1934
<i>Gerda Johanna Akse</i>	f. 1923
<i>Anna Evensen</i>	f. 1923
<i>Øivind Bergene</i>	f. 1926

## GUDSTENESTELISTA

### 12. juni - 4. sön. i treenighetstida

Tyssedal kirke kl. 11.00

### 19. juni - 5. sön. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 11.00

Røldal kyrkje kl. 11.00

Røldalsmarknad

### 26. juni - aposteldagen

Odda kyrkje kl. 11.00

### 2. juli - laurdag

Røldal kyrkje kl. 23.00

Pilegrimsmesse

### 10. juli - 8. sön. i treenighetstida

Tyssedal kirke kl. 11.00

Røldal kyrkje kl. 17.00

### 17. juli - 9. sön. i treenighetstida

Skare kyrkje kl. 11.00

Odda kyrkje kl. 17.00

### 31. juli - 11. sön. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 11.00

### 7. aug - 12. sön. i treenighetstida

Røldal kyrkje kl. 11.00

### 14. aug - 13. sön. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 11.00

### 21. aug - 14. sön. i treenighetstida

Skare kyrkje kl. 11.00

Odda kyrkje kl. 17.00

### 28. aug - 15. sön. i treenighetstida

Røldal kyrkje kl. 11.00

Odda kyrkje kl. 17.00

### 11. sept - 17. sön. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 11.00

Konfirmantpresentasjon

Røldal kyrkje kl. 11.00

Konfirmantpresentasjon

### 18. sept - 18. sön. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 17.00

Tyssedal kirke kl. 11.00

Konfirmantpresentasjon

### 25. sept - 19. sön. i treenighetstida

Røldal kyrkje kl. 11.00

### 2. okt - 20. sön. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 11.00

Skare kyrkje kl. 16.00

Familiegudsteneste

### 16. okt - 22. sön. i treenighetstida

Odda kyrkje kl. 11.00

Familiegudsteneste

Røldal kyrkje kl. 16.00

Familiegudsteneste

### 23. okt - 23. sön. i treenighetstida

Tyssedal kirke kl. 11.00

Familiegudsteneste

### 30. okt - bots- og bededag

Odda kyrkje kl. 11.00

Røldal kyrkje kl. 11.00

Det kan verta endringar - sjå etter i HF om fredagen

**Ynskjer du hjelp** til å koma deg til kyrkja i Odda når det er gudstenester der?

Fredagen

før gudstenesta

innan klokka 12.00:

Ring Odda kyrkjekontor **53 65 09 00**



### Kyrkjeskysen i Røldal



ring **95 95 11 11**

### Fellesbøn

(økumenisk bøn)



på **Odda Bedehus**  
kvar laurdag klokka 10

### Kirkens SOS

FORTVILET?  
Ring Kirkens SOS  
22 40 00 40



## ODDA

TRYKK & REKLAME

Postboks 253 - 5751 Odda

tlf. 53 65 03 20 - Fax 53 65 03 30

[www.oddatrykk.no](http://www.oddatrykk.no)